



Til kommunane i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Astrid Holte, 5557 2319

Ber om informasjon om anlegg som tar imot jord- og steinmassar som ikkje er forureina

Miljødirektoratet har bedt Fylkesmannen skaffe oversikt over massetippar og massemttak for jord- og steinmassar som ikkje er forureina. Vi ber kommunane opplyse oss om aktuelle anlegg.

Overskytande jord- og steinmassar skal disponerast i tråd med avfallsregelverket.

I Miljødirektoratet sitt faktaark – 1243/2018 om mellomlagring og sluttdisponering av jord- og steinmassar som ikkje er forureina, er det klargjort at overskytande jord- og steinmassar frå samferdselsutbygging og andre anleggsarbeid normalt skal reknast som næringsavfall. Slike massar må dermed disponerast i tråd med avfallsregelverket. I faktaarket er det informasjon om kva som er meint med jord- og steinmassar som ikkje er forureina, og kva reglane i forureiningslova betyr for disponering av slike massar. Sjå vedlagt faktaark.

Vurderer kva for massetippar/massemttak som snart må ha løyve etter deponiforskrifta

Anlegg som deponerer avfall må ha løyve etter avfallsforskrifta kap. 9 om deponering. Deponering av jord- og steinmassar som ikkje er forureina treng i dag ikkje løyve etter denne forskrifta på grunn av eit særskilt unntak for slike massar. Unntaket er ikkje i tråd med deponidirektivet i EU, og forskrifta må derfor endrast. Avfallsanlegg som deponerer jord- og steinmassar som ikkje er forureina må etter endringa ha løyve etter avfallsforskrifta kapittel 9 om deponering, i tillegg til regulering etter plan og bygningslova mv.

Miljødirektoratet har som mål at endringa trer i kraft i juli 2020. For å få oversikt over kor mange anlegg som må ha løyve som følgje av endringa, har Miljødirektoratet bedt fylkesmennene om å kartlegge aktuelle anlegg. Dei fleste massetippar/massemttak er i dag regulert etter kommunen sitt regelverk, og vi ber derfor kommunane opplyse om aktuelle anlegg.



Kva for anlegg ber vi kommunen opplyse om?

Ein massetipp/massemottak som tar imot massar frå fleire aktørar og/eller prosjekt, over lenger tid, skal reknast som eit avfallsanlegg etter forureiningslova § 29. Vi er kjent med at kommunane har ulike praksis for korleis massetippar/massemottak er regulert. Nokre anlegg har reguleringsplan, nokre driv etter dispensasjon, nokre er regulert etter forureiningsforskrifta kap. 4 om planeringsfelt (bakkeplanering) og nokre kan vere regulert etter nydyrkingsforskrifta, eller ein kombinasjon av desse.

Opplysningane skal gi oss oversikt over omfanget av anlegg som må ha løyve etter avfallsforskrifta kapittel 9 om deponering.

Vi ber derfor kommunen opplyse om anlegg som oppfyller følgjande:

- er ein massetipp/massemottak der massane er plassert permanent
- tar imot jord og stein som ikkje er forureina, frå fleire aktørar og/eller prosjekt, over lengre tid

Vi ber kommunen registrere anlegg som er i drift eller som skal drive vidare, i vedlagte excel-ark. Vi ber kommunen involvere dei etatar/avdelingar som har ansvar for dei ulike regelverka.

Vi ber om at oversikt over aktuelle anlegg vert sendt Fylkesmannen innan **17. april 2020**.

Spørsmål kan rettast til Astrid Holte, fmhoaho@fylkesmannen.no.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Kartlegging av anlegg som tar imot jord- og steinmassar som ikkje er forureina
- 2 M1243 Faktaark om mellomlagring og sluttdisponering av jord- og steinmassar som ikkje er forureina



Mottakerliste:

Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Stad kommune	Kommunehuset	6740	SELJE
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Årdal kommune	Postboks 40	6881	ÅRDALSTANGEN
Alver kommune	Havnevegen 41 A	5918	FREKHAUG
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Luster kommune	Rådhuset	6868	GAUPNE
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	LONEVÅG
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN



Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG